Varmande masker

IVRIG STRIKKAR: Nokon strikkar mykje, andre lite. Christel Nævdal Barlaup er ein av dei som strikkar meir enn dei fleste. Foto: Gro Birgitte Røiland

• Strikking og strikketøy, binding og bunding, spøting og spøt. Når haustmørket og kulda kjem krypande er det mange som finn fram strikkepinnar og garn og lar maske på maske bli til varmande klede.

• Strikking er rekreasjon, hobby, skaparglede, omsorg og varme, det er kulturhistorie, handverk, design og mote.

• I dagens Bø blad har me strikking som tema.

Side 21-31

Garnsjef med strikkedilla

– Byrjar ein å strikke, blir det nesten ein besettelse, seier Mari Almankås. Leiaren for garnavdelinga i familiebedrifta veit kva ho snakkar om.

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no - tlf 930 22 398

Strikkegarn, oppskrifter og alt som har med strikking å gjera er også ein del av verksemda til Almankås, som elles er mest kjend for bunadsproduksjon.

Til venstre inn døra i butikken finn ein «godisavdelinga» for strikkarar. Her er hylle på hylle med garn i ulike kvalitetar frå fem norske leverandørar, samt alt av tilbehør frå pinnar til spesiallaga strikkevesker og -krus.

– Me sel garn kvar dag gjennom heile året, seier Mari Almankås, ansvarleg for garnavdelinga i familieverksemda i Stasjonsvegen.

Ho meiner interessa for strikking har auka på dei siste åra.

– Eg trur det starta med Dorthe Skappel-genseren og at folk deler og viser fram det dei lagar på internett.

Strikke-slagord

Tøynett med ulike strikkeslagord på dialekt, er ein lokal spesialitet hos Almankås. Mari er kvinna bak slagorda.

«Strikking fyller livet mitt... og skåpa. Skuffane. Stugo. Soverommet....» er eit av slagorda ho har eigarskap til.

– Det er så mange fine garn, slike ein bare *må* ha, seier Mari med overtyding.

Lik mange andre strikkarar, byrjar ho gjerne på noko nytt før det førre prosjektet er heilt ferdig. Nå har ho fire parallelle strikkeprosjekt heime.

– Eg har tre jakker som manglar knappestolpe, og eg har akkurat byrja på ein genser til niåringen, seier Mari.

Haustens trendar

Det er med strikking som med andre klede, kvart år byr på nye trendar, fargar og modellar. Mari kan fortelje meir om hausten strikketrendar.

– Cecilie Skog-genseren er kjempepopulær nå. Det same er genseren Sunday Sweater og Oslolua frå danske Petiteknit. Elles er tradisjonskufter stadig populært, og Mariusgenseren går ikkje av moten. Nå er også Telemarksgenseren kome med rundfelling, og det har mange venta på, seier Mari.

Cecilie Skog

Mange garnprodusentar knyter til seg kjendisar når dei skal lansere nye strikkeoppskrifter. Cecilie Skog-genseren er døme på det.

Fjellklatraren og tv-kjendisen samarbeider med Sandnes garn om ein genser kalla opp etter henne. Bilde av Cecilie Skog iført strikkegenser møter ein i døra på veg inn til Almankås.

Ei dansk småbarnsmor står bak Petiteknite. Matchande klede for mor og barn, design som liknar meir kjøpestrikk enn dei tradisjonelle norske kuftene, kjenneteinar Petiteknite.

– Ho brukar ulike typar garn, har mange fine detaljar og avslutningar og brukar både avanserte og enkle teknikkar, seier Mari.

Brente fargar

Fargespennet i garnhyllene er stort, og den kreative har fridom til å komponere tallause samansetningar av ulike mønster og fargar. For den som er opptatt av årets trendar innan strikk, er fargane ein faktor.

I år er det ikkje bare på kalenderen det er haust, ein finn haust også i den nyaste fargepaletten frå garnprodusentane.

– Det er mykje brente fargar og typiske haustfargar, som djup raud, okergul, oransje og brunt. Det er fargar ein ser i klesbutikkane elles og denne hausten, seier Mari.

«STRIKKING FYLLER LIVET»: Ansvarleg for garnavdelinga på Almankås, Mari Almankås, er kvinna bak slagorda på tøynetta i garnavdelingen. Foto:Gro Birgitte Røiland

Strikkekveldar

Strikking er ein aktivitet ein kan drive med aleine heime i sofaen, men det kan også vera sosialt. Dei siste fire åra har Almankås invitert til strikkekveldar i butikken kvar tredje torsdag i månaden for å lage ei sosial ramme rundt strikking.

Tilbodet er populært. Mellom 15 og 20 er vanleg. På det meste har det vore 30 frammøtte.

– På strikkekveldane kjem det mange strikkeglade folk. Her sit ein og pratar, strikkar og viser fram det ein held på med. Me har av og til strikkekurs og i blant litt ekstra tilbod i butikken. Men det er ikkje kvar gong, seier Mari.

For nybyrjarar kan dette vera ein bra plass å kome.

– Det er mange erfarne strikkarar her. Så for den som lurer på ting, kan det vera lurt å ta seg ein tur, seier Mari Almankås.

Strikkebua på Årnes

Ulltruser for Liverpool-supporterar, strikka genserar og nissar er litt av det ein kan finne i den nyopna Strikkebua på Årnes.

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no – tlf 930 22 398

For ein månads tid sidan dukka den vesle brunbeisa Strikkebua opp ved riksveg 36 på Årnes. Bua står heime hos Anne Raukleiv Aarnes, som eig bua og har laga det aller meste av det som er i henne.

Det som ikkje Anne har laga sjølv, har mor hennar Aslaug Raukleiv frå Bø strikka.

Det var mor Aslaug som lærte Anne å strikke da ho var jentunge. Det fall ikkje i smak.

– Eg hata det, det var så kjedeleg, seier Anne og ler.

Mor hennar derimot, var ein kløpper til å strikke. Ho stilte på stand på messene i Telemarkshallen og selde strikka ting. Anne var ofte med.

– Eg såg kor mykje mamma gjorde og tenkte at eg fekk prøve, eg og, fortel Anne.

Denne gongen fenga det meir enn da ho var jentunge. Etter kvart blei også Anne hekta på strikking.

– Eg må ha noko i hendene. Eg slappar så godt av med eithandarbeide, seier Anne.

Mens Aslaug strikka mykje genserar, strikkar Anne mest mindre ting. Til dømes vottar, loddar, tøflar, panneband, luer, hårstrikk, trekk til vinkartong, nissar, dukker, klutar, gryteklutar og mykje anna. I Strikkebua finn ein også heimestrikka herretruser for Liverpool-supporterar i spesielt design.

– Eg har også hatt truse for Manchester United-fans, seier Anne.

Hytte frå Raukleiv

Da mor hennar døydde i fjor, arva Anne kassevis med strikka genserar. Da var ho også godt biten av strikkebasillen sjølv. Ideen kom om å få seg eit lite utsal med plass til genserane etter mor og eigne ting.

Løysinga kom frå Raukleiv i Bø, der tanta hennar hadde stråande ei lita buenhytte. Anne fekk hytta, som blei løfta opp med kranbil og frakta på lastebil til Årnes.

Opningstidene i Strikkebua er uregelmessige og avhengig av når Anne har fri.

– Poenget er ikkje å tene pengar. Får eg att garnpengane er det fint. Strikking er ein hobby, og eg kan ikkje sitte med alt sjølv, seier Anne Raukleiv Aarnes.

SMÅTT OG STORT: Anne Raukleiv Aarnes i den nyopna Strikkebua på Årnes. Her har ho smått og stort i strikk, frå genserar til ulltruse for Liverpool-fans og hundedrakt til vinflaska.

Håffer væra som elle andre?
TENK ALTERNATIVT!
Me har produkt til dyr i tillegg til fantastiske dōTerra-oljer, urter og helsekost.
Me tilbyr au kinesiologi og massasje her hos kånn.
Følg med på Facebook og Instagram for informasjon om kundekvelder.
Bonus Helsekost, ein butikk utenom det vanlege.»
Man – fre 09 – 19 | Lørdag 10 – 16
BonusHelsekost
Sønstebøtunet, Bøgata 36 | 35 29 39 40
Bonus Helsekost as

SENTRUM VASKERI
Underhaugsvegen 3, 3800 Bø
Tlf. 35 95 95 55 / 900 28 841
www.sentrumvaskeri.no
Miljøfyrtårn

Rekreasjon og skaparglede

– Strikking er min rekreasjon, seier Christel Nævdal Barlaup. Ho strikkar meir enn dei aller fleste, til stor glede for familie og vener.

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no - 930 22 398

EIN LITEN BRØKDEL: Christel Nævdal Barlaup har inga formeining om kor mange genserar ho har strikka, men det er utan tvil fleire hundre. Genserane på bordet er bare ein liten brøkdel.

Foto: Gro Birgitte Røiland

Den eine lekre strikkejakka og -genseren etter den andre blir henta fram frå klesskåpet på oppmoding frå journalisten. Noko motvillig har me fått Christel med på å snakke om hobbyen ho har hatt i 44 av sine 50 år.

Mange som strikkar legg ut bilete av produkta sine på Facebook, Instagram og blogg. Det gjer ikkje Christel. Folk som kjenner henne veit likevel kor dyktig ho er til å strikke.

Storforbrukar

Frode Bergan, svoger sidan 1982, er ein av dei som nyt godt av strikkeferdigheitene hennar. Han er storforbrukar av strikkegenserar, både privat og på jobb. Som overingeniør i økologi på universitetet er han på mykje feltarbeid i skog og mark. Da er ullgenser godt å ha.

– Det er betre enn fleece. Eg har alltid likt å gå i strikkegenserar. Eg kan gå med ullgenser og shorts, seier Bergan.

Starta som seks-åring

Christel lærte strikkekunsten da ho var seks år gamal. Det tok av da ho var 13 år og lærte å montere genser.

– Etter det klarte eg meg sjølv, fortel ho.

Den fyrste genseren ho laga med mønster var ein Fanagenser. Ho fekk blod på tann og strikka meir og meir.

– Det var kjempegøy, seier Christel, som blei ein ivrig strikkar i ungdomsåra.

Strikkar fort

Andre lar seg imponere av kor kort tid ho brukar på å få ferdig ei jakke eller ein genser. Sjølv er ho lite opptatt av det, men konstaterer bare at ho strikkar fort.

– Det er ikkje slik at eg bare sit og strikkar, men når eg fyrst strikkar, så går det fort. Dette er min rekreasjon. Det er ein måte å roe seg ned på og vera til stades i livet sitt. Strikking er også å skape noko, og det gjev ein god følelse. Eg har alltid vore fascinert av folk som byggjer hus. Det kan ikkje eg, men eg kan strikke. Det er alltid fint å sjå resultatet, seier Christel.

Dobbel varme

Når ho strikkar er det med alle typar garn, men aller best likar ho ulike typar ullgarn.

– Eg tenker at å strikke har ein verdi både miljø- og helsemessig. Dette er varige, tidlause plagg som ikkje følgjer moten, sjølv om det kan vera mote å gå med slike plagg, seier Christel.

– Det blir som med vedhogst - det varmar mange gonger. Det varmar også sjela når ein held på å jobbe med det, seier Frode.

Han har ein heil kolleksjon med ullgenserar laga av Christel. Alle i ulike fargar og mønster, eit par av dei med mønster ho har designa sjølv. Han har mellom anna ein eigen genser til tiurleik, dekorert med tiur påsydd med maskesting på armen.

– Eg har slite ut mange genserar, men prøvar å ha litt magemål. For det er bare å kome med eit par hint, så er ho i gang. Etter ei veke ligg genseren der, ferdig bretta og klar til bruk, seier Frode.

Til familien

Den ullgenserglade karen fortel at mor hans strikka eit par genserar til han i ungdomen, men tidleg på 80-talet overtok den seks år yngre svigerinna jobben.

Med åra blei det mange strikkeplagg til svoger og etter kvart til tantebarn.

Strikkepinnane gjekk i rasande fart da det eine tantebarnet blei født for tidleg og bare vog 875 gram. Vesla i kuvøsa trong lue og teppe, og tante Christel strikka mange timar i strekk.

– Det er den eine gongen eg har fått senebetennelse av strikking, seier ho og smiler.

Etter kvart fekk Christel eigen familie å strikke til. Døtrene brukar framleis gjerne plagg strikka av mor, mens mann og son er for varmblodige.

Unike plagg

Kor mange genserar og jakker det har blitt gjennom åra veit ho ikkje, men det er mange, fleire hundre. Ikkje alle år har vore like produktive, men bare i fjor blei det 40 plagg.

– Eg angrar litt på at eg ikkje har skrive det ned. Men kven skulle tru at eg skulle strikke så mykje, seier Christel og ler.

Med åra har ho også byrja å designe eigne mønster til jakker og genserar.

– Eg tenkjer det er gøy for dei som får genser at det er noko unikt, seier Christel.

– Du har ikkje tenkt på å gjera strikkinga til yrke?

– Nei. Uansett kor fort ein strikkar kan ein ikkje leve av det. Da hadde også kosen ved å strikke blitt borte, seier Christel Nævdal Barlaup.

GLAD I ULLGENSER: Frode Bergan går med ullgenser året rundt og er svært glad for å ha ei strikkeglad svigerinne.

STRIKKEBØKAR: Heidi Kjellsen Bærland på Akademika i Bø har mykje å freiste dei strikkeglade med. Norsk tradisjonsstrikk og Klompelompe er spesielt populært.

Strikkefolkets bokhaust

Det manglar ikkje på litteratur for dei som vil strikke. I utvalet finn ein titlar frå «Villmarksgensere» til «Bystrikk for alle».

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no - tlf 930 223 98

For dei litteraturinteresserte er hausten ei god tid med mange nye titlar i bokhandlarane sine hyller.

Det gjeld også for strikkeinteresserte, som har eit stort bokutval å velja i.

Sjølv om hausten innbyr til handarbeid og nye oppskrifter, er desse bøkene aktuelle uansett årstid.

– Strikkebøker er noko som sel året rundt, opplyser Heidi Kjellsen Bærland på Akademika i Bø.

60-70 titlar

I butikken har ho nå mellom 60 og 70 ulike titlar knytt til strikking, og fleire er på veg inn.

Ifølgje oversikten hennar vil det i løpet av 2019 bli gjeve ut 38 nye strikkebøkar.

Mange av dei kjem ut i september og oktober, når haustmørke og innekveldar freistar mange til å ta fram strikkepinnar og garn.

Klompelompe

Mange utgjevarar av strikkebøker er også kjent frå bloggar, Instagram og Facebook. Blant dei er ikkje minst Hanne Andreassen Hjelmås og Torunn Steinsland som står bak suksessen Klompelompe.

Seks strikkebøker og ein strikkekalender er gjeve ut så langt. Den sjuande Klompelompe-boka, «Klompelompes jul», kjem 30. september.

– Klompelompe er blitt eit omgrep som svært mange kjenner til. Det er dei mest populære strikkebøkane akkurat nå, seier Kjellsen Bærland.

Ein annan forfattar av strikkebøker som bokhandlaren trekker fram, er Liv Sandvik Jakobsen frå Kviteseid, som saman med Lene Holme Samsøe har gjeve ut Kofteboken 1 og 2.

– Dei har gjort mykje for å løfte fram strikkekufta, seier Kjellsen Bærland.

Tradisjon og nyskaping

Kjøparar av strikkebøker er for det meste kvinner mellom 30 og 60 år, med overvekt av damer i 40-50-åra.

Kvinnene dominerer også på utgjevarsida med nokre unntak. Blant årets nye strikkebøker finn ein nykommaren Birger Berge med boka «Moderne tradisjonsstrikk». Den kom i vår.

I oktober kjem Berge med nok ei bok; «Norsk strikkedesign: strikk din favoritt». Oppskriftene speglar forfattaren si interesse for tradisjonelle mønster, handverk og fargar.

Inspirerande

Dei fleste forfattarane av strikkebøker er norske. Bokutvalet viser at tradisjonelle norske strikkemønster står sterkt.

Strikkebøkene med flotte, fargerike bilete kan inspirere nokon og ein kvar. Mellom andre avdelingsleiaren for Akademika Telemark.

– Det siste eg strikka var ein mariusgenser i 1997. Men nå fekk eg jammen lyst til å strikke igjen, seier Heidi Kjellsen Bærland.

Frå tukthus til trend

I Europa har strikking vore kjent frå mellomalderen. I Noreg er det eldste ein har i strikk funn frå 1500-talet. På 1600-talet var strikking med i arbeidet for å motverke fattigdom.

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no - tlf 930 22 398

STORT UTVAL: Strikking er populært, og utvalet er stort innan garntyper og fargenyansar.

Strikking blei undervist i tukthus og liknande institusjonar. Enkelte blei til manufakturhus som produserte strømper, vottar og trøyer for sal. Militæret, fattigvesenet, marinen og slaveriet var viktige marknader for strikkeklede. Dette står å lesa i Store Norske Leksikon under tema strikkingas historie.

Strikking har truleg vore utbreidd i Noreg sidan 1600-talet og kanskje lenger. Den fyrste skriftlege kjelda som seier noko om strikking er ein rettsprotokoll frå Bergen i 1634, der Lisbet Pedersdatter blir anklaga for trolldom. Ho var i teneste hos Karen Eriksdatter, som var anklaga for tjuveri. Begge er omtalt som omstreifarar og ein av Lisbets oppgåver var å strikke strømper for Karen som selde varene.

I skriftlege kjelder frå 1700-talet går det fram at kvinner livnærte seg med å strikke og ved å undervise i strikking og anna tekstilarbeid. Strikking blei dermed etablert i det finare handarbeid blant kvinner i øvre samfunnslag, samt som industri og salshusflid. Strikkeproduksjon for sal foregjekk særleg i Dalane og på Jæren på 1700- og 1800-talet.

Sandnes Uldvarefabrik blei etablert i 1888, er fremdeles i full gang. I 2015 hadde fabrikken 96 tilsette og selde 700 tonn garn.

Strikking har gått i bølgjer. Etter nokre labre år auka interessa for handstrikk kraftig på 2000-talet. Talet på strikkebloggar og andre strikkeforum på sosiale medier viser at strikking er blitt trendy.

MØTEPLASS: Målet med strikkekvelden er å skape ein sosial møteplass. F.v. Anne Gunn Verpe, Bjørg Aasen, Kjersti Berge, Jane Kleppe, May Britt Pedersen, Olaug Lønnestad, Torhild Andersen og Susanne Espedalen.

Snakketøyet viktigast

Med lys i peisen og på bordet, nytrakta kaffi og heimebaka kake kosar strikkarane seg rundt bordet i kjellaren på Friheim. Det sosiale er viktigare enn strikketøyet.

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no – tlf. 976 88 692

Du må ikkje strikke for å kome på strikkekveldane på Friheim.

– Det einaste du treng å ta med hit er snakketøyet, kjem det raskt frå ein deltakar.

Bjørg Aasen fortel at ho har brodert på strikkekveldar og ho vart ikkje kasta ut.

– Eg har gløymt briller to gonger, det gjer ingen ting, seier Olaug Lønnestad.

Utan briller, ingen strikking, men det går altså greitt.

– *Namnet på samlinga?*

– Strikkekveld med eller utan strikketøy. Det var vel det me ville ha, spør Jane Kleppe ut i lufta.

Det var det, samtykkjer dei andre.

Nokre er lidenskaplege strikkarar og berre må ha strikketøy. Andre har vore det, men så har helsa eller andre ting gjort at lidenskapen ikkje er så heit lenger.

Ein møteplass

Det er tredje vinteren dei går inn i med samling på Friheim.

– Me ville møtast, seier Jane Kleppe om bakgrunnen.

– Ha noko sosialt, legg Kjersti Berge til.

Det hadde tidlegare vore nokre kurs på grendehuset, men det hadde stoppa opp.

Det kjem så mange som det kjem. Sist var det ti, ifølgje Facebook. Vanlegvis er det mellom fem og ti. Det har vore nede i berre ein som møtte opp, då vart det ikkje noko av, men to held.

Den samlinga lokalavisa er med på er ekstra, til ære for Bø blad.

Trim først

Det er eigentleg samling første tysdag i månaden. Dagen vart flytta frå torsdagar slik at dei som er med i turgruppa kan gå ein times tur først, så går dei til Friheim og er med og strikkar.

Dei bytter på å ta med kake. Det er lotteri òg. Kanskje kan dei subsidiere ein tur til Island ein gong. Men det er grenser for kor mange lodd kvar deltakar for ta, det skal ikkje ta heilt av. Og den som vinn, må ta med gevinst nest gong.

Ikkje politikk

– *Kva snakkar de om då?*

– Nei, det skal ikkje i avisa, kjem det kjapt frå Susanne Espedalen.

Dei senkar skuldrane og tek vare på kvarandre. Sørgjer for at alle kjem seg av garde og tek kreftprøve for eksempel. Og politikk snakkar dei ikkje om.

Latteren sit laust

Damene skrattler stadig. Både latteren, praten og den gode replikken sit laust på Friheim.

Torhild Andersen imponer alle med å strikke begge sokkane på same tid.

– Det er berre å Google det så finn du ut korleis, seier ho.

Men ho innrømmer at det har vore litt irritasjon før ho lærte det.

– *Hender det at du gløymer deg og strikkar sokkane slik at dei heng saman?*

– Jau, det har skjedd, innrømmer Andersen.

Bidreg på basaren

Nokre av dei som er med er ivrige bidragsytarar til basaren til Øvre Bø ungdomslag. Den er viktig for å skaffe pengar til vedlikehaldet av grendehuset. Då blir det strikka vottar, luver, skjerf og gjerne ein Mariusgenser og ei kufte eller to.

Kan ta med ufoar

Innimellom prat om andre ting, dukkar det opp eit og anna strikkespørsmål. Susanne Espedalen viser fram knappane på den nye kufta. Dei er laga av myntar. Jane Kleppe strikkar vaskeklutar, dei skal loddast ut på basaren. Ho skriv også ut «mageband», skikkelege etikettar, til å merke med vaskeråd og trådtype.

– *Kan ein kome hit med ufoar, uferdige objekt, og få hjelp?*

– Joda, berre ta det med, seier fleire.

Deltakarane er frå Forberg og vestover. Strikkekvelden er open for dei som har lyst.

– Me saknar dei unge, seier Bjørg Aasen.

– Me vil gjerne oppfordre dei til å kome, legg Jane Kleppe til.

DIALEKTANNONSUR

HÅTT TRUR DU?

KONNE DET VORI EIN TANKE ME DIALEKT I ANNONSUN DINE?

ME KAN HJØLPE DEG;
Ring kånn så tek me ein prat

Tlf: 35 95 19 45 Bø blad

Tonje har strikkedilla

Tonje Stenstad (18) strikkar når ho har tid og lyst, og likar å gå i genserar ho sjølv har laga.

Åsne Mæland
redaksjon@boblad.no

Ho har strikka sidan ho var lita, Tonje Stenstad (18) frå Bø. Det er strikking av genserar det går i, og ho produserer omtrent ein i året.

– Mamma er flink til å strikke, og då eg var mindre ville eg gjerne gjere det same som ho. Ho lærte meg endeleg å strikke då eg var rundt sju år gammal, og i ettertid har eg halde det vedlike, seier Tonje.

Gjennom barndommen har ho drive mykje med ulike typer handarbeid, blant anna teikning, måling og brodering.

Genserar best

Tonje likar best å strikke genserar.

– Eg er veldig glad i å gå med ullgenserar, og det er moro å gå med dei eg har laga sjølv, seier ho.

Ho varierer mellom ulike fargar og mønster, og har blant anna strikka ein Marius-genser. Nå har ho akkurat starta på ein ny genser med perlestrikk.

Tonje trur det er lite interesse for strikking blant ungdom, men at det samtidig er fleire som driv med det enn ein veit om.

Strikking på skulen

– Det har vore andre ungdommar som går med eigenproduserte genserar på skulen. Sjølv om det er lite interesse for strikking blant unge, er det mange som veit korleis ein gjer det, seier Tonje og fortel at dei har lært å strikke både på barneskulen og ungdomsskulen.

– Me laga blant anna laga dokker, veneteppe og puter, seier ho.

Strikkar i periodar

– Strikkinga går litt i periodar. Det kjem an på når eg har tid og lyst, seier Tonje, og legg til at når ho fyrst startar på eit prosjekt blir det mykje strikking på kort tid.

– I ein periode strikka eg så mykje at eg fekk strikkeskade. Eg fekk betennelse i olbogen. Då fekk eg beskjed frå legen om å roe ned strikkinga for ei lita stund, fortel Tonje med eit smil.

GLAD I GENSERAR: Tonje Stenstad viser fram ei lue og tre genserar som ho har strikka.
Foto: Åsne Mæland

Å jara,
me e her ennå,
som me har vore sea 1964. Me har elt frå kringlur og brød te løddær og småkakur. Stikk innom kånn på Gvarv og opplev et ekte og levans bakeri.



Gvarv Bakeri
Telefon 35 95 53 21
Gamlegata 22, 3810 Gvarv

Bli LIVREDDER du også.
Send LIV til 2366 og gi kr 200,-
til den livreddende dugnaden.



Redningsmannskapet kom akkurat i tide da det eventyrlige Lofotfiske brått ble et mareritt for tre generasjoner fiskere.

Gi et bidrag i dag.
Les mer på www.rs.no

RS(+) Redningsselskapet

Maximahelse.no eller følg oss på Facebook

Vi hjelper deg å fullføre!

Får du problemer i skuldre, nakke eller albuer, så finner du spisskompetansen hos oss i Bøgata 28

• Ragnhild • May-Lene • Kristin • Laila • Petter • Angelika

Bestill time online på www.maximahelse.no eller på telefon: 35951248

• Pilates • Spinning • Zumba • Vektstang • Slyngegrupper
• Styrke • Step • Medisinsk yoga mm.

Maxima helse
Fysioterapi og osteopati
Tlf. 35 95 12 48
m.n.f.f og m.n.o.f

Klinikk ANGELICA SINENSIS
AKUPUNKTURFORENINGEN
Angelika tel: 41028633

VISSTE DU AT ME HAR
FERDIGSTRIKK AU?

I gånavdelinga kånns finn du:
• masse lekre strikkegån
• strikkepinnar
• strikkenett
• strikkekoppar
• tusenvis av oppskrifter
- men me har au nokken ferdigstrikka plagg til salgs frå Rauma Collection.
100% ull – 100% norsk!

ALMANKÅS
TELEMARKSBUNADER
Åpningstider: Man-Ons 07-16
Torsdag 07-17 | Fredag 07-16
Ludag 10-15